



Alver kommune  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 55/2 - Bruvoll - oppretting av grunneigedom - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 24.03.2020. Saka gjeld søknad om frådelig av bustad nr. 2 frå eigedom gbnr. 55/2 på Bruvoll. Parsellen som er søkt frådelt er bygd med bustad, den nye parsellen er oppgjeve å ha eit areal på om lag 1100 m<sup>2</sup>. Eigedommen ligg på areal avsett til LNF-føremål og omsynssone landbruk i kommunedelplanen sin arealdel for 2019-2023 (tidlegare Lindås kommune).

### Fylkesmannen si vurdering

Det er for tida mange søknadar om dispensasjon for å skilje ifrå hus nr 2 på landbrukseigedomar. Fylkesmannen er i desse sakene uroa for uheldig oppsplitting av landbrukseigedomane, driftsulemper, svekking av garden sitt ressursgrunnlag, omdisponering av dyrka mark og fare for å setje kommuneplanen som styringsverktøy til sides.

I denne saken meiner vi at plasseringa av tomta i liten grad vil føre til driftsulemper. Den ligg rett ved ein veg som vert nytta av fleire frådelte eigedomar og ligg langt ifrå gardstunet.

Det må vurderast om garden har behov for to hus. Ved generasjonsskifte viser det seg ofte at behovet for to hus gjer seg gjeldande. Det uheldig om det på eit seinare tidspunkt oppstår eit behov for hus nummer to på garden.

Frådelinga vil føre til omdisponering av dyrka mark og vi viser til at det er eit nasjonalt mål og omdisponere så lite dyrka jord som mogleg. Fylkesmannen er negativ til slik omdisponering.

Vi kan ikkje sjå at det er særlege grunnar som skil saka frå andre liknande sakar og meiner difor at dispensasjon i denne saka kan gjere det vanskeleg for kommunen å gje avslag i andre sakar.

Fylkesmannen ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar



*Dokumentet er elektronisk godkjent*